

NotatDato: 02.03.2016
Arkivsak: 2014/12694-4
Saksbehandlar: ingmark

Til:	Ingrid Kristine Holm Svendsen
Frå:	Inger Marken

Organisering av lærlingordninga i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har i dag 21 lærlingar fordelt på IKT-servicefag, kontor- og administrasjonsfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget, tømrarfaget og dataelektronikarfaget. Det er 5 lærlingar i fylkesadministrasjonen, 15 lærlingar ved dei vidaregåande skulane og ein lærling i dataelektronikarfaget ved tannhelsetenesta. Det er 8 av 44 vidaregåande skular som har lærling. Kvar enkelt eining som har lærling er sjølvstendig godkjent av Fagopplæringskontoret.

Hordaland fylkeskommune som lærebedrift

Hordaland fylkeskommune sitt mål som lærebedrift er å sikre at søkjarar med ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1 frå Hordaland får tilbod om læreplass. Som skuleeigar har fylkeskommunen ansvar for vidaregåande opplæring og skal arbeide for å sikre at ungdom som startar på ei vidaregåande utdanning får fullført denne.

Hordaland Fylkeskommune som arbeidsgjevar har eit stort potensiale som opplæringsverksemd, samt eit ansvar på lik line med alle andre lærebedrifter som gir opplæring til ungdom. I tillegg vil det gi ein positiv verknad på heile organisasjonen med til dømes kvalitetssikring og utvikling av tenestene som fylkeskommunen leverer.

Ein lærling er tilsett i bedrifta på like vilkår som andre tilsette, med unntak av at dei har krav på opplæring i faget etter læreplanen og at dei er tilsette på ein tidsavgrensa arbeidsavtale. Dette betyr at målsetjinga for fylkeskommunen må vere å bidra til at ungdommen får fullført og bestått vidaregåande opplæring, og ikkje at ein skal kunne tilby arbeid etter fullført opplæring.

Lærlingane som får tilbod om læreplass i fylkeskommunen skal i hovudsak følgje hovudmodellen 2+2 og vera kvalifiserte. På den måten støttar fylkeskommunen opp om opplæringslova med forskrift og syt sjølv for å gi ungdom med rett til vidaregåande opplæring eit tilbod. Lærlingane er som tilsette ein positiv ressurs for fylkeskommunen då 50 % av læretida skal vera verdiskaping.

Eininga som får tildelt læreplass(ar) vert oppmoda til aktivt å nytte skulefaget *prosjekt til fordjuping* til å bli kjent med aktuelle søkjarar til læreplass, og i så stor grad som mogleg utnytte høve til å gi fortrinn til læreplass der dette er naturleg.

Fylkeskommunen har eit stort potensiale både for å auka talet på læreplassar og talet på lærefag. Veksten i tal lærlingar bør primært kome innan IKT-servicefaget, kontor- og administrasjonsfaget, Barne- og ungdomsarbeidarfaget og Byggdrifterfaget. Sjølv sagt kan andre fag vere aktuelle men det krev ei nærare kartlegging.

Kostnadar ved å ha lærling

Ein lærling skal som hovudregel ha eit år med opplæring og eit år med verdiskaping.

Lønn til lærlingar i HFK er tariff festa. Som hovudregel skal dei ha ei årsløn tilsvarande årsløna til fagarbeidar, men fordelt over to år.

Tar ein inn 30 lærlingar så vil lønsutgiftene til desse bli om lag $30 \cdot 400\,000 = 12$ mill eller 6 mill pr år.

Ein lærling med ungdomsrett utløyser om lag 140 000 i tilskott for 30 lærlingar blir dette 4, 2 mill eller 2,1 mill pr år.

Det betyr at for 30 lærlingar vil det vere ein ekstra kostnad for HFK 3,9 mill pr år. Då har vi ikkje rekna inn noko verdiskaping, dersom vi reknar det som 50% av verdiskapingsåret så vil det utgjere omlag 3 mill i løpet av læretida. Eller 1,5 mill pr år. Det betyr at ekstrakostnaden på 30 lærlingar vil vere 2,4 mill.

Dersom vi aukar inntaket slik at vi har 80 lærlingar så vil meirkostnaden være $80 \cdot 400\,000 = 32$ mill eller 16 mill pr år.

Tilskott $80 \cdot 140\,000 = 11.2$ mill eller 6,1 mill pr år.

Verdiskaping 50% = 8 mill eller 4 mill pr år.

En meirkostnad for HFK for 80 lærlingar vil vere på omlag 6 mill.

Organisering

Det er føremålstenleg med eit sentralt inntak av lærlingar, og at desse får opplæring ved avdelingane i fylkesadministrasjonen og/eller ute på skulane eller andre einingar som fylkeskommunen eig. Det er naturleg at ordninga blir administrert av ein koordinator. Ved å tilsette lærlingane i fylkesadministrasjonen og plassere dei ut på dei ulike einingane kan vi få utnytta opplæringspotensialet i fylkeskommunen fullt ut, også i einingar som ikkje sjølvstendig kan gjennomføre opplæringa. I praksis betyr det at lærlingane kan få opplæring på ulike avdelingar/einingar slik at dei i løpet av læretida får opplæring i tråd med læreplanen for faget. Det er opplæringsavdelinga ved Fagopplæringskontoret som administrerer lærlingordninga. Dei godkjenner blant anna lærebedrifter og lærekontraktar. Ansvaret for organiseringa av lærlingane i fylkeskommunen må derfor leggjast til ei avdeling som ikkje vil få utfordring med habiliteten.

For å ta inn lærlingar må fylkeskommunen være godkjent som lærebedrift i kvart enkelt fag. Dette inneber at ein må kunne gi opplæring i heile læreplanen i faget, samt at ein må ha ein fagleg ansvarleg for lærlingen/-ane. I tillegg må fylkeskommunen sørge for at dei ulike avdelingane/einingane har instruktørar som kan stå for opplæringa av lærlingen i samarbeid med den faglege leiaren som har hovudansvaret for opplæringa.

Hordaland fylkeskommune ved økonomi- og organisasjonsavdelinga administrerer lærlingordninga for alle einingar i fylkeskommunen. Det vert ei stilling i 100% som lærlingordningsansvarleg i Hordaland fylkeskommune. Stillinga vert knytt til HR- seksjonen og vert i første omgang organisert som eit prosjekt som bør gå over minimum 2 år. Stillinga treng ikkje å vera fysisk plassert i fylkesadministrasjonen, men kan lokaliserast ved ein av skulane, til dømes Årstad vgs. Dette vil også kunne ha positiv innverknad på skulen, ved at ein får fagopplæringskompetanse lokalisert ved skulen.

Fylkesrådmannen vil ha det øverste ansvaret for at fylkeskommunen som lærebedrift har ei intern kvalitetssikring, slik at lærlingen får opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift. HR-seksjonen ved ein koordinator med lærlingansvar organiserer kvar lærlingane skal få opplæring og eventuelle rulleringar i løpet av læretida.

Kostnadane ved ei slik stilling kan delast mellom opplæringsavdelinga og økonomi- og organisasjonsavdelinga. Ein kan også bruke deler av dei to millionane til finansiering av ei stilling.

Fagopplæringssjefen har tidligare signalisert ein frå fagopplæringskontoret til denne stillinga, men er også blitt kontakta av ein annan i organisasjonen. Denne personen har erfaring frå å bygge opp lærlingordninga i Bergen kommune. Begge bør vurderast.

Ei slik stilling vil koste om lag 850 000 pr år. Prosjekt over to år vil komme på om lag 1,7 mill. Berre ein reduksjon i tal vg 3 tilbod vil gi oss ei innsparing på IKT på 2,5 mill (dette er kostnaden for 19 elevar på Amalie Skram vgs, som ikkje klarte å skaffe seg læreplass i 2015).

Eit prosjekt vil ikkje binde oss utover prosjektperioden.

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Inger Marken
seniorrådgivar HR

Kopi til:
Torbjørn Mjelstad
Geir Davidsen